


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



Litt ekstra song og musikk skal det vera i kyrkjene påskehelga. Her ser me Linn Borgny og Benjamin Røen syngja første påskedag. Skirtorsdag var Frøydis Tøsse og gledde oss med vakre tonar på bratsj. Og orgeltonane kling sjølvstøtt som alltid, og litt til når det er påske!

PÅSKEFEIRING I KYRKJENE VÅRE

Me har etter kvart opparbeidd oss ein tradisjon for påskefeiring i kyrkja, med kveldsmat etter gudstenesta på skirtorsdag, påskevandring på langfredag, og høgtidsgudsteneste 1. påskedag.



Høgtidsgudsteneste med blåsarar på galleriet. Det er fest! Over ser me Helge Reistad, ein av dei 4 blåsarane som var på galleriet 1. påskedag.

Skirtorsdag er kveldsbordet dekkja i kyrkja på Haga. Det gjer godt både for auga og magen. Små og store let praten surra og kosar seg saman.

kyrkjekalenderen

April

Søn.7. kl. 11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Barnas misjonsdag
Song av barnekoret og KingSing

Søn.14. kl. 18.00 - Haga
Storsamling
Søndagsskule

Tors.18. kl. 19.00 - Ådland
Konsert
med Samnanger Musikklag

Søn.21. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste
Nattverd
Føresongarar tek del

Fre.26. kl. 19.00 - Haga
Konsert:
"Oh, Happy Day!"
Prosjektkor m. solist

Søn.28. kl. 16.00 - Haga
Kompisgudsteneste
Andakt v/ Line Bjørhovd
Liturg: Johannes Tysse
"Kompisar" tek del

Mai

Tors.2. kl. 18.00 - Haga
Samtalegudsteneste
med konfirmantane

Søn.5. kl. 10.00 - Ådland
Konfirmasjon

Søn.5. kl. 12.00 - Ådland
Konfirmasjon

Tors.9. kl. 17.00 - Tysse
Misjonsfest/ fellessamling

frå kyrkjeboka



Døypete

10.3.

- Maria Isabel Nymark
- Snorre Naalsund Aldal
- Ask Naalsund Aldal
- Marley Borge Moss



Døde

5.3

- Olav O. Holmfjord
- 21.3
Jarle Johan Skjellanger
- 29.3
Oddvar Malvin Herfindal
- 30.03
Marta Anhilda Gjerde
- Trygve Alfred Høysæter

kyrkjenytt kyrkjennyt kyrkjennyt kyrkjennyt

Digitale kyrkjebøker og gamle protokollar

I fleire hundre år har prestane ført namna på døypete, konfirmerte, gifte og jordfeste inn i store protokollar, sokalla "kyrkjebøker". Dette var viktige bøker. Det var ikkje noko sentralt folkeregister slik som no, og det var presten som skreiv ut attestar som viste fødselsdato, giftemål og dødsdato ut frå opplysningar i kyrkjeboka.

No har me ikkje berre eit sentralt folkeregister, men også eit sentralt kyrkjeregister. Dette har vore digitalt i fleire år no, og er samkøyrd med folkeregisteret når det gjeld td. adresser, inn- og ut-flytting og dødsfall. I fjor byrja me også å føra kyrkjebok digitalt i eit eige program som er tilknytt kyrkjeregisteret. Så kom beskjeden: Frå 1. januar 2013 er det slutt på protokollane. Systemet er så bra no, at det er sikkert å berre føra det digitalt. For oss med historiekjensle, gjer det litt vondt å gje slepp på

den svarte boka med skinnrygg, men me forstår at ei slik "data-kyrkjebok" har mange fordelar. Det er lettare å søkja her, og me slepp dobbelføringa i register og protokoll. Når me no fører inn t.d. eit dåpsbarn i "kyrkjeboka", vil det med eit tastetrykk også oppdatera registeret. For oss som har under 100 protokollføringar i året, betyr det ikkje så mykje i arbeidstid, men spør dei store by-kyrkjelydane med fleire hundre dåpsborn, konfirmantar, giftemål og jordfestingar!

Og når me først snakkar om protokollar: når dei er over 80 år gamle, vert dei frigjevne så kven som helst kan sjå dei. Våre gamle ligg på statsarkivet i Bergen, men ligg også ute på nettet. Om du går på www.digitalarkivet.no og så til skanna kyrkjebøker, kan du klikka deg fram til Samnanger og kanskje finna dine slektningar om du leitar litt. Når det gjeld yngre protokollar kan slektsgranskarar og forskarar søkja biskopen om innsyn når bøkene er 60 år gamle (etter siste innføring).

Elles er det slik at alle har rett til innsyn i sitt "biologiske opphav". Ein vil kunna ta kontakt med kyrkjekontoret og få ei utskrift av opplysningar som gjeld nære slektningar. Den eldste protokollen me har på kyrkjekontoret, byrjar på 1919.

Automatisk brannvarsling i kyrkjene

I januar i fjor fekk kyrkja på Ådland brannvarslingssystem. Detektorar er plasserte både høgt og lågt, og alarmeren er direkte tilknytt brannsentralen i Bergen som igjen varslar vårt brannvesen om ein av detektorane skulle slå ut. Kyrkja på Haga har i alle år hatt eit brannvarslingssystem med detektorar i alle rom, men inga direkte varsling til brannvesenet om det skulle brenna, - berre kimande klokke. I januar i år vart det eksisterande anlegget kopla til brannsentralen i Bergen, så no har begge kyrkjene våre gode sjansar til å få snarleg hjelp om det skulle bryta ut brann.